



Kjartan Aarhus og Linda Aasheim
Fosse 195
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2160 - 17/6000

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
27.03.2017

GBNR 25/3 - Godkjenning- Søknad om løyve til oppføring av tilbygg til løyve på Fosse

Administrativt vedtak. Saknr: 88/2017

Tiltakshavar: Kjartan Aarhus og Linda Aasheim
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Tiltakshavar Kjartan Aarhus har i søknad journalført motteke 25.8.2016 og 24.3.2017 søkt om tilbygg/påbygg til driftsbygningen sin på gbnr 25/3 på Fosse. Tiltaket er opplyst til å vera 117 m² BYA og 100 m² BRA, og skal nyttast til reidskapsbod og lagerplass til eigedommen.

Administrasjonen etterspurte dokumentasjon i saka, på grunn av feil ved første utsending av mangelsbrev var søknaden først komplett komplett 24.3.2017.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 21.8.2016 - 22.8.2016. Varsla naboar har samtykka til tiltaket og kommunen finn at nabovarslinga er gjort i samsvar med Pbl § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Gbnr 25/3 er i matrikkelen registrert som landbrukseigedom på 78,5 daa. Frå før på eigedommen er det oppført eit våningshus. Eigedommen er i arealdelen til kommuneplanen (KPA) avsett som Landbruk- natur og friluftsområde (LNF). Tiltaket er i samsvar med arealformålet.

Tiltaket si plassering, høgd og avstand til nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart journalført motteke 25..8.2016. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Tiltaket si utforming og utsjånad:

Administrasjonen stilte spørsmål til utforming av bygget med platting og rekkverk i 2 etasje. Tiltakshavar beskriv i tilleggsdokumentasjonen at platting med rekkverk skal nyttast som lagringsplass. Bygget er prosjektert slik då det ikkje var hensiktsmessig for tiltakshavar å byggje større, (over to etasjar langs heile langsida), men og for å bevare dagslyset i 2 etasje av eksisterande bygning. Administrasjonen finn å kunne godkjenne tiltaket etter Pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-4 løyve til oppføring av tilbygg/påbygg på 117 m² BYA og 100 m² BRA til driftsbygning på gbnr 25/3 på Fosse i samsvar med søknad m/ vedlegg journalført motteke 25.8.2016 og 24.3.2017. Grunngevinga går fram av saksutgreinga og vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart og teikningar

Søknad om løyve til tiltak utan ansvar GBNR 25/3

Følgeskriv

Manglar i sak GBNR 25/3

Mottakere:

Kjartan Aarhus og Linda Aasheim

Fosse 195

5918

FREKHAUG